



Før Sigmund Skjoldal løyve til å setja opp eit slikt tretelt? Dette står like ved vogna hans. (Foto: Sigmund Skjoldal)

Sigmund Skjoldal, som bur i Vestfold, har no pånytt søkt kommunen om oppsetjing av eit tretelt på Øyro Marina og Camping. Han er etablert der frå før, men ønskjer å sette opp eit tretelt på 3 X 6 meter - altså 18 kvadratmeter.

Skjoldal registrerer at ein vogn på Rabben Feriesenter, like ved vogna hans, har eit tilbygg med dei samme mål og difor også er på ca. 18 kvadratmeter.

Søkjaren kan ikkje sjå at det burde vera noko i vegen for å gje han grønt lys for eit tretelt av same storleik når det før er gjeve løyve til å setja opp eit like stort telt.

Han strekar under at behovet for ein stabil konstruksjon er svært viktig for dei som bur så langt unna.

Av Ola Matti Mathisen